



Røysterett inviterer til strikkekonserter og basar.

**Torsdag kveld ligg alt til rette for ei sosial kulturstund i Helgheim. Då arrangerer koret Røysterett for alle basar med flotte gevinstar, og i tillegg vil publikum få oppleva vakker korsong og musikk av koret sjølv og gjestene Malmsten Trio. Salg av kaffi og kaker vert det òg så her ligg alt til rette for ei koseleg kveldsstund.**

Røysterett for alle er godt i gong med sesongen, og dei har framleis Maria Malmsten som dirigent. Dei lovar å framføra både nye og gamle songar; og alt vert framført på strikkevis. Spennande!

I tillegg vil vi få høyra klassiske perler, folketonar og viser framført av Malmsten Trio. Forutan Maria Malmsten, song, er denne trioen samansett av den dyktige ektemannen hennar Einar Steinkopf på gitar, og den allsidige dottera deira Tiril Eirunn Einarsdotter på fiolin. Dette innslaget er kome i stand som resultat av eit samarbeid med Den kulturelle spaserstokken i kommunen.

Det vert ikkje berre vakker song og musikk i Helgheim denne kvelden. Arrangørane stiller med flotte strikkegevinstar som det vert åresal på. Ja, gevinstane er så flotte at basardelen er ein hovudpost på programmet. Dessutan vert det sal av kaffi og gode kaker slik at drøsen skal gå skikkeleg godt!

Etter det eg kjenner til, er det første gong det er korsong på strikkevis i Helgheim. Dersom vi skal få greie på kva det er, kan vi møte opp i ungdomshuset kl.19 torsdag. Skal vi tippa full sal?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Røysterett